

ULVIK HERAD
Formannskap



Møteprotokoll

Sakene: 043/26 – 056/26
Møtedato: 03.06.2026
Møtetid: kl. 12:30
Møtestad: Møterom - Hardangerjøkulen

Fylgjande medlemmer møtte:

Stig Yngve Røkenes

Jens Olav Holven

Håkon Gjerde

Ingeborg Hellesnes Uppheim

Parti

H

SP

V

V

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Ronny Lunestad

Parti

AP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Hans Petter Thorbjørnsen

Parti

AP

Underskrifter:

Me stadfestar med våre digitale underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ulvik, 04.06.2026

Medlem
Stig Yngve Røkenes

Ordførar
Jens Olav Holven

Medlem
Ronny Lunestad

Sakliste:

Sak nr	Sakstittel	
PS-043/26	Meldingar	
PS-044/26	Godkjenning av møteprotokoll	
PS-045/26	Underskrift på møteprotokollen	
PS-046/26	Avklaring av vidare arbeid med Reguleringsplan for Syselandet	
PS-047/26	Oppstart av ny reguleringsplan på Finse og innføring av mellombels forbod mot tiltak	
PS-048/26	Deltaking i kapitalutviding i Hardanger og Voss næringshage	
PS-049/26	Økonomirapportering 1. tertial 2026	
PS-050/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025	
PS-051/26	Klage på avslag om frådeling av tomt med våningshus Gnr. 55 bnr 4	
PS-052/26	Søknad om kjøp av tomt til redusert pris, Hjelmavollsvegen 20	
PS-053/26	Reglement for politisk organisering i Ulvik herad 2026 - 2028	
PS-054/26	Støtteerklæring til Fosse-senteret i Strandebarm	
PS-055/26	Juridisk oppfylgjing av restkrav mot Ullensvang kommune	Mellombels unnateke innsyn
PS-056/26	Løyving til gjennomføring av alminneleg taksering i 2026 for innføring av alminneleg eigedomsskatt i 2027	Mellombels unnateke innsyn

043/26: Meldingar

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

03.06.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 043/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

044/26: Godkjenning av møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

03.06.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 044/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

045/26: Underskrift på møteprotokollen

Framlegg til vedtak:

Medlem 1:

Medlem 2:

03.06.2026 Formannskap

Framlegg om Stig Yngve Røkenes og Ronny Lunestad.

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 045/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Medlem 1: Stig Yngve Røkenes

Medlem 2: Ronny Lunestad

046/26: Avklaring av vidare arbeid med Reguleringsplan for Syselandet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Heradet arbeidar vidare med det planforslaget som føreligg, og inkluderer barnehagetomta og tiltak knytt til barnehagen i planen.

Alternativ 2:

Heradet arbeidar vidare med planforslaget, men utan fortau og flytting av veg. Det skal takast utgangspunkt i dagens vegtrasé. Barnehagetomta og tiltak knytt til barnehagen takast inn i planen.

Alternativ 3:

Heradet arbeidar vidare med planforslaget, men utan fortau og flytting av veg. Det skal takast utgangspunkt i dagens vegtrasé. Det skal leggjast til rette for planlegging av fortau på eit seinare tidspunkt og byggjegransa mot fylkesvegen skal ta omsyn til dette. Barnehagetomta og tiltak knytt til barnehagen takast inn i planen

03.06.2026 Formannskap

Høgre fremja alternativ 3.

Venstre fremja alternativ 1.

Røysting:

Alternativ 1 vart vedteken med 4 røyster (V, V, SP, AP) for og 1 røyst (H) mot. Alternativ 3 fall.

FSK - 046/26 VEDTAK:

Vedtak:

Heradet arbeidar vidare med det planforslaget som føreligg, og inkluderer barnehagetomta og tiltak knytt til barnehagen i planen.

047/26: Oppstart av ny reguleringsplan på Finse og innføring av mellombels forbod mot tiltak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Ulvik herad startar opp arbeid med ny reguleringsplan på Finse med den avgrensinga som er synt i vedlegg 1.
- Med heimel i plan- og bygningslova § 13-1 legg Ulvik Herad ned mellombels forbod mot tiltak innanfor område avgrensa i vedlegg 1 medan planarbeidet pågår og inntil 4 år frå vedtaksdato. Forbodet gjeld ikkje tiltak direkte knytt til drift, vedlikehald og utvikling av jernbanen.

03.06.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 047/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

- Ulvik herad startar opp arbeid med ny reguleringsplan på Finse med den avgrensinga som er synt i vedlegg 1.
- Med heimel i plan- og bygningslova § 13-1 legg Ulvik Herad ned mellombels forbod mot tiltak innanfor område avgrensa i vedlegg 1 medan planarbeidet pågår og inntil 4 år frå vedtaksdato. Forbodet gjeld ikkje tiltak direkte knytt til drift, vedlikehald og utvikling av jernbanen.

048/26: Deltaking i kapitalutviding i Hardanger og Voss næringshage

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik heradsstyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å teikne aksjar på inntil kr 50.000 i samband med emisjon i Hardanger og Voss næringshage AS. Kostnaden vert finansiert over næringsfondet.

03.06.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 048/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Ulvik heradsstyre gjev kommunedirektøren fullmakt til å teikne aksjar på inntil kr 50.000 i samband med emisjon i Hardanger og Voss næringshage AS. Kostnaden vert finansiert over næringsfondet.

049/26: Økonomirapportering 1. tertial 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alt 1) Løyving til sentrumsutvikling vidareførast frå 2025 til 2026. Heradstyret vedtek tertialrapporten slik den ligg føre, og aukar ramma for faste investeringar med NOK 26 421 650 og tilsvarande auka ramme for lånebruk og låneopptak. Det løyvast 2,1 millionar i ekstra bruk av disposisjonsfondet.

Alt 2) Løyving til sentrumsutvikling vert sett på vent. Heradstyret vedtek elles tertialrapporten slik den ligg føre, og aukar ramma for faste investeringar med NOK 20 171 650 og tilsvarande auka ramme for lånebruk og låneopptak. Det løyvast 2,1 millionar i ekstra bruk av disposisjonsfondet.

03.06.2026 Formannskap

Venstre fremja alternativ 1.

Senterpartiet fremja alternativ 2.

Røysting:

Alternativ 2 vart tilrådd med 3 røyster (SP, AP, H) for og 2 røyster (V, V) mot. Alternativ 1 fall.

FSK - 049/26 VEDTAK:

Tilråding:

Løyving til sentrumsutvikling vert sett på vent. Heradstyret vedtek elles tertialrapporten slik den ligg føre, og aukar ramma for faste investeringar med NOK 20 171 650 og tilsvarande auka ramme for lånebruk og låneopptak. Det løyvast 2,1 millionar i ekstra bruk av disposisjonsfondet.

050/26: Årsrekneskap og årsmelding 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert vedtekne slik dei ligg føre

03.06.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 050/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Årsrekneskap og årsmelding for 2025 vert vedtekne slik dei ligg føre.

051/26: Klage på avslag om frådeling av tomt med våningshus Gnr. 55 bnr 4

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Klage vedtak fatta 29.04.2026 "*Søknad om frådeling av tomt med våningshus, får avslag, jf. jordlova § 12*" vert ikkje tatt til følgje.
- *Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.*

03.06.2026 Formannskap

Håkon Gjerde bad om å få vurdert gildskapen sin, han vart vurdert gild i saka.

Endringsframlegg frå Venstre:

Klage frå søkjar, datert 18.05.2026, på kommunedirektøren sitt vedtak av 29.04.2026 om avslag på søknad om frådeling av bygd parsell frå gbnr 55/4, vert teken til følgje.

Søknad om frådeling av bygd parsell på om lag 1 daa med våningshus og driftsbygning frå gbnr 55/4, med adresse Vestrheimsvegen 5, vert innvilga, jf. jordlova § 12, fjerde ledd, jf. § 12 tredje ledd og § 1.

Innvilginga skjer på følgjande vilkår:

- Frådelt parsell skal nyttast til bustad
- Vedtaket gjeld saman med naudsynt løyve etter plan- og bygningslova

Røysting:

Endringsframlegg frå Venstre vart samrøystes vedteken. Framlegg frå kommunedirektøren fall.

FSK - 051/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Klage frå søkjar, datert 18.05.2026, på kommunedirektøren sitt vedtak av 29.04.2026 om avslag på søknad om frådelling av bygd parsell frå gbnr 55/4, vert teken til følgje. Søknad om frådelling av bygd parsell på om lag 1 daa med våningshus og driftsbygning frå gbnr 55/4, med adresse Vestrheimsvegen 5, vert innvilga, jf. jordlova § 12, fjerde ledd, jf. § 12 tredje ledd og § 1. Innvilginga skjer på følgjande vilkår:

- Frådelt parsell skal nyttast til bustad
- Vedtaket gjeld saman med naudsynt løyve etter plan- og bygningslova

052/26: Søknad om kjøp av tomt til redusert pris, Hjelmavollsvegen 20

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ulvik herad gjev Odd Eivind Knutsen tilbod om å kjøpa Hjelmavollsvegen 20 (Gnr. 67 bnr. 32) for kr 300.000,- + tinglysingsgebyr og dokumentavgift på følgjande vilkår:
 - Arbeidet med bygging av bustadhus på tomta skal starta innan 3 år frå kjøpsdato.
 - Tomta skal ikkje nyttast som lagerplass for maskiner og utsyr fram til byggjearbeidet starta.
 - Dersom desse vilkåra vert brotne, har Ulvik herad rett til å kjøpa tomta tilbake for kr 300.000,-. Denne retten/hefte vert sletta når bustaden har fått ferdigattest.
2. Avgift for tilkopling vatn og avlaup kjem i tillegg til kjøpesum (totalt kr 50.000,- inkl mva).

03.06.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 052/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

1. Ulvik herad gjev Odd Eivind Knutsen tilbod om å kjøpa Hjelmavollsvegen 20 (Gnr. 67 bnr. 32) for kr 300.000,- + tinglysingsgebyr og dokumentavgift på fylgjande vilkår:

- Arbeidet med bygging av bustadhus på tomta skal starta innan 3 år frå kjøpsdato.
- Tomta skal ikkje nyttast som lagerplass for maskiner og utsyr fram til byggjearbeidet starta.
- Dersom desse vilkåra vert brotne, har Ulvik herad rett til å kjøpa tomta tilbake for kr 300.000,-. Denne retten/hefte vert sletta når bustaden har fått ferdigattest.

2. Avgift for tilkopling vatn og avlaup kjem i tillegg til kjøpesum (totalt kr 50.000,- inkl mva).

053/26: Reglement for politisk organisering i Ulvik herad 2026 - 2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret vedtek "Reglement for politisk organisering i Ulvik herad 2026 - 2028" slik det ligg føre

03.06.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes tilrådd.

FSK - 053/26 VEDTAK:

Samrøystes tilråding:

Heradsstyret vedtek "Reglement for politisk organisering i Ulvik herad 2026 - 2028" slik det ligg føre

054/26: Støtteerklæring til Fosse-senteret i Strandebarm

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ulvik herad stiller seg positiv til søknaden frå Fosse-stiftinga om statleg medverknad til etablering av Jon Fosse-senteret i Strandebarm som nasjonalt kulturbygg. Heradet vurderer prosjektet som viktig for Hardanger-regionen, for nynorsk språk og for det nasjonale litteratur- og scenekunstheltet. Me håpar støtteerklæringa er med å løfte fram dette viktige kulturprosjektet.

03.06.2026 Formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 054/26 VEDTAK:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad stiller seg positiv til søknaden frå Fosse-stiftinga om statleg medverknad til etablering av Jon Fosse-senteret i Strandebarm som nasjonalt kulturbygg. Heradet vurderer prosjektet som viktig for Hardanger-regionen, for nynorsk språk og for det nasjonale litteratur- og scenekunstheltet. Me håpar støtteerklæringa er med å løfte fram dette viktige kulturprosjektet.